

M U
H O

MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND

Årsmelding 2020



HER FINN DU OSS:



HEILSKAPLEGE OG EKSKLUSIVE KUNNSKAPSOPPLEVINGAR

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetanse miljø for bevaring. Spyspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og Bevaring er dei tematikkane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea våre er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvaltning av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høgt fokus på handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvaltning av gjenstandar.

MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som utførast gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevningar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er destinasjonar kor dei besøkande kan boltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller lyngheiane.



INNHALD

FAKTA	4
1. INNLEIING	4
2. NØKKELTAL	5
3. ORGANISASJON	6
4. STYRET	6
5. PERSONALE	7
6. ØKONOMI	8
7. FORVALTING	9
7.1 SAMLINGSFORVALTING	
DIGITALISERING	9
GJENSTANDAR OG FOTO	
KULTURLANDSKAP	
7.2 IMMATERIELL KULTURARV	10
7.3 BYGG OG ANLEGG//RIKSANTIKVAREN/ BYGNINGSVERN	
7.4 FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND	
8. FORMIDLING	11
MÅLGRUPPEARBEID	
DIGITAL FORMIDLING	
9. FORSKING	13
PUBLIKASJONAR	
10. FORNYING	14
11. MUHO SOM SAMFUNNSAKTØR	15
12. MANGFALD OG INKLUDERING	16
13. FRIVILLIG ARBEID	16
14. ÅRSREKNESKAP	17
15. REVISJON	19
16. MELDING FRÅ STYRET	21
17. DETTE ER MUHO	22





Freding av Salhus Tricotagefabrik

1. Innleiing

EIT ANNLEIS ÅR

2020 vart naturlegvis prega av koronapandemien. Den førte til reduserte publikumsaktiviteter grunna lange periodar med stenging og strenge restriksjonar. Situasjonen førte òg til at fokus i museet dreidde frå fysisk til meir digital formidling. For fyrste gong arrangerte vi digitale utstillingar ved fleire av musea, og slik nådde vi ut til eit nytt publikum. Alle tilsette har vore i arbeid, forutan ein avgrensa permitteringsperiode for nokre få personar. For å tilpasse oss situasjonen har alle vore nøydde til å løyse fleire og ukjende oppgåver, og venne seg til å arbeide i ei uføreseieleg tid. Havrå har vore stengd for fysisk formidling, men den daglege drifta ved fleire avdelingar har vore relativt upåverka av pandemien. Vi har gjennom året vist at tilsette er både endringsvillige og utviser stor fleksibilitet. Organisasjonen har kome styrka ut av året, og har nådd viktige milepålar.

Eit langt og mødesamt arbeid blei krona med freding av Salhus Tricotagefabrik og omkringliggande kulturmiljø. Formålet med fredinga er å bevare det heilskaplege fabrikkksamfunnet som består av bygg knytt til produksjon, administrasjon, bustad og sosiale funksjoner. Ved å freda interiør i sjølve fabrikk skal vi ivareta den nær intakte produksjonslinja som spenner over fleire ledd, frå råvaremottak til ferdig produkt. Museet endra samstundes namn til Tekstilindustrimuseet

Osterøy museum fylte 100 år i 2020. Det er gitt ut jubileumsbok og det er opna nye faste utstillingar..

Eit særdeles omfattande og viktig sikringstiltak vart gjennomført med rivinga av Gjerstadheimen på Osterøy museum.

Ei viktig og stor hendinga var etablering og publisering av ny grafisk profil og nye nettsider..



Utstilling i Galleri Salhus,
Borghild Rudjord Unneland: *Trøstesong*


2. Nøkkeltal

Besøket på musea i MUHO har holdt seg stabilt over fleire år, men grunna restriksjonar knytt til koronapandemien har vi hatt periodar med påbod om stenging og/eller avgrensa aktivitet. Vi fekk ei nedgang i tal på besøk på 61 % i 2020. Det var gruppa enkeltbesøkande som var den største gruppa museumsgjestar besøkande til MUHO i 2020. Havrå heldt stengt heile året sidan det ikkje var mogeleg å halde ope med gjeldande smittevernreglar. I tillegg til 5 museum, har vi avdelinga Bevaringstenestene som primært ikkje driv med formidling, men tenester knytt til dei konsoliderte musea.

	2020	2019	2018	2017
<i>Tal på besøk</i>	9 578	27 788	28 903	26 629
<i>Årsresultat*</i>	2 266	1 103	-356	834
<i>Eigenkapital*</i>	23 826	21 560	20 457	20 181
<i>Faste tilsette</i>	45	43	45	43
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	109	110	110	110
<i>Gjenstandar</i>	40 357	40 230	40 096	
<i>Foto</i>	17 741	17 658	16 242	
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	
<i>Årsverk (faste)</i>	34,7	35,8	35,8	35,5
<i>Tal årsoppg. til lønsmottakar</i>	100	122	127	135
<i>Sjukefråvær</i>	6,2 %	7,5 %	1,56 %	5,15 %

* Tal i tusen kr

3. Organisasjon



SLUTTFØRING AV STRATEGIARBEID

I strategiarbeidet som vart utført i slutten av 2019 definerte vi 4 strategiske hovudmål for perioden 2020–2021. For å implementere strategien knytt til dei fire måla, har vi jobba aktivt gjennom heile 2020 i ulike prosjektgrupper og hatt god utvikling og framdrift. Prosjekta har vore utforma som både strategiske og driftsretta prosjekt, og alle er relatert til dei fire F-ane og dei strategiske måla. Mykje av prosjektarbeidet har vore utført digitalt, noko som har bidrege til kompetanseheving innan digital samhandling,

og samstundes har gitt samarbeid på tvers i organisasjonen i eit år prega av sosiale restriksjonar. I alt har det vore om lag 18 prosjektgrupper og 36 personar i organisasjonen har delteke i eitt eller fleire prosjekt i 2020.

Drifta av musea i 2020 har i hovudsak vore utført av faste tilsette. 7 tilsette i deltidsstillingar vart permitterte april-mai. Permitteringane vart avslutta straks vi fekk melding om ekstraordinært tilskot frå Kulturdepartementet.

4. Styret

Styremedlem		Oppnemnt av
Sara Sekkingstad – styreleiar	(vara: Kjetil Eikefet)	Kommunane i Nordhordland
Geir Steinar Dale – nestleiar	(vara: Inger Lise Skarstein)	Bergen kommune
Frank Willy Djuvik	(vara: Kristina Vakt skjold Hamre)	Vestland fylkeskommune
Jorunn Tvedt	(vara: Karl Vågstøl)	Vestland fylkeskommune
Tone Hellesund	(vara: Svein Ivar Angell)	Universitetet i Bergen
Nikolai Rypdal Tallaksen	(vara: Roy Henrik Eriksen)	Tilsette



Slått i Lia på Havrå

5. Personale

Stiftinga hadde 45 faste tilsette i 34,7 årsverk. I tillegg var det 5 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar. Nokre faste tilsette gjekk òg i lengre vikariat i tillegg, og vikariat og prosjektstillingane utgjorde til saman om lag 4,7 årsverk. Av desse er 27,2 årsverk kvinner og 12,3 menn. I tillegg har vi hatt sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 36,8 faktiske årsverk i 2020. Avviket i årsverk skuldast i hovudsak ein del tilsette i permisjonar og langtidssjukmelde som ikkje har vore (fullt) erstatta. I eit normalår hadde det vore fleire sesongtilsette. Styret har 6 medlemmer: 3 kvinner og 3 menn.

Museet har fått ei digital personalhandbok. Denne er lenka direkte til lovverket på området, slik at vi oppfyller krava og sikrar at våre rutinar er i samsvar med gjeldande reglar. Vi har mellom anna definert etiske retningslinjer for MUHO i samsvar med ICOM sine etiske reglar.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

MUHO er ei IA-verksemd og legg til rette for arbeidstrening og praksisplassar for personar frå NAV der det er mogleg. Gjennom året har det vore fleire personar innom på ulike tiltak i fleire avdelingar.

MUHO har avtale med Volvat om helsekontroll for alle tilsette. I 2020 fekk alle tilsette over 50 år pluss dei som jobbar med skjøtsel av kulturlandskap tilbod om ein slik kontroll. Vi har hatt fire møte i AMU i løpet av året. I tillegg hadde vi fire samrådsmøte (partssamansett utval).

I 2020 har museet fått ei digital HMT-handbok. Denne er lenka direkte til lovverket på området, slik at vi oppfyller krava og sikrar at våre rutinar er i samsvar med gjeldande reglar. I samband med dette har vi gått gjennom og oppdatert alle rutinar på området. Det er gjennomført vernerundar på alle avdelingar.

HMT-MÅLA VÅRE FOR 2020 VAR:

- Halde fokus på godt arbeidsmiljø som bidreg til lågt sjukefråvær
- Alle medarbeidarar skal få innføring i HMS-handboka og HMS-arbeidet (100 %)
- Identifisere bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff, og lage tiltaksplan for handtering av dette.

Vi har hatt fokus på arbeidsmiljø for trivsel og samhald, både i fellesmøte og i avdelingsmøte. Vi har hatt eit særskilt blick på dei utfordringane og endringane som kom med koronasituasjonen, med utvida bruk av heimekontor, meir uvisse, endringar i oppgaver med meir.

Sjukefråværet i 2020 var 6,2 %, ein nedgang frå 7,5 % i 2019 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2020.

Det årlege kurset i bruk av hjartestartar og førstehjelp vart gjennomført i juni.



Arbeid med samlingane på Osterøy museum

6. Økonomi

Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avlagt etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2020 syner eit overskot på 2 265 512 kr. MUHO har store oppgåver knyt til utvikling og oppgradering.

I 2020 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 70,1% av totale driftskostnader, ein auke frå 68,7% i 2019. Pensjonskostnadene åleine utgjorde 8,18%. Tilskota til ordinær drift har ikkje auka i takt med korkje KPI eller løns- og prisvekst. Dette vil bli ei større og større utfordring i åra framover dersom ikkje dei ordinære rammene blir auka.

I 2020 vedtok styret overgang til Forsikra Tenestepensjon Virke (for tilsette under 52 år). Dette vil gje meir føreseielege pensjonskostnader og sikre den langsiktige økonomien.

I 2020 hadde vi eigeninntekter på 11,9% av dei totale inntektene, ein nedgang frå 18,1% i 2019. Billettsal og sal frå kafé og museumsbutikk er redusert med 52 % i høve til 2019. Dette skuldast det spesielle året vi har bak oss med stenging av musea i lange periodar grunna

Covid-19. I Plan for eigeninntening 2018–2025 har vi eit mål om 20 % eigeninntekter innan 2025.

Likviditeten er god. Det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Det er store behov for framtidige oppgraderingar og tiltak som krev store investeringar.



Produkt frå villsauen vår

7. Forvaltning

7.1 SAMLINGSFORVALTING

Ein viktig milepåle i 2020 var avslutninga av ny samlingsplan med strategiar for innsamling, registrering, digitalisering og immateriell kulturarv. Innsamlingsplanen frå 2019 er no integrert i planen. Faggruppa for samlingsforvaltning arbeidde strukturert og målretta med planen, som vart godkjend av styret 15.12.2020, og set rammene for vidare arbeid dei neste tre åra.

DIGITALISERING

Grunna heimekontor og smittevern dreia vi mykje av fokuset i 2020 over på digitalt arbeid, framfor arbeid som krev fysisk å vere til stades i samlingane. Vi prioriterte digital formidling i form av artiklar til DigitaltMuseum og produksjon av videoar for å gjere samlingane meir tilgjengelege, og kople immateriell kulturarv og gjenstandssamlingar saman. Trass i avgrensingane har vi fått gjennomført mykje godt arbeid, og nytta vårt personale innan forvaltning òg til ulike fellesprosjekt, som utarbeiding av ny grafisk profil og nye nettsider til museet. Elles har vi blant anna minskt avstanden mellom registrerte og digitaliserte gjenstandar i samlinga på Osterøy museum, og heldt fram arbeidet med å registrere foto, og digitalisering av bygdokumentasjon, i forkant av fredinga av Salhus Tricotagefabrik i oktober.

GJENSTANDAR OG FOTO

66 % av gjenstandar og 77 % av foto har gode/tilfredsstillande oppbevaringsforhold. Delar av MUHO sine samlingane er oppbevarte under ikkje-tilfredsstillande forhold, og museet har stadig utfordringar med plassmangel. Vi arbeider med omorganisering og prioritering for å kunne sjå oppbevaring i samanheng med verdien av samlingane. Eit nytt fellesmagasin i Vestland vil òg vere

avgjerande for å betre stoda. I 2020 er ei mindre fotosamling er flytta til ei anna avdeling for betre oppbevaring. Gjenstandar og tilvektstister på VUS er gjennomgått, og ein har fått betre oversyn over samlinga. Saman med Bevaringstenestene er det planlagt eit Re-org prosjekt knytt til denne samlinga.

KULTURLANDSKAP

MUHO er det einaste museet i Noreg med to autentiske gardar som har produsert mat og virke i over tusen år og framleis er i drift. Vi forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvaltning av kysten sitt kulturlandskap; lyngheiene på Lyngheiseret og det freda kulturlandskapet Havrå, som også har plass på den eksklusive lista over UKL (Utvalgte kulturlandskap). Vi har mykje kunnskap, dokumentasjon og forskning om den tradisjonelle drifta, og målet er å halde landskapa i hevd tufta på denne kunnskapen, og drive vern gjennom bruk.

For å ivareta samlingane og fleire raudlista artar, har vi også i år drive aktiv drift tufta på tradisjonelle metodar, med skjøtsel gjennom slått, beiting med gamalnorsk sau og vestlandsk fjordfe/raudkolle, breining og slått av lyng, rydding av kratt og skog, restaurering av teigar i haustingsskogen og slåttemarka, arbeid på lad og steingardar. Den heilskaplege kunnskapen om ressursforvaltning i dei gamle driftsmåtane, knytast tett opp til dagens miljøutfordringar. Havrå fekk etablert ein ny avtale om skjøtsel med grunneigar på Havrå i løpet av året, og skjøtelsplanen er no godt implementert i det daglege arbeidet. Klimaendringane skapar nye utfordringar i forvaltninga av kulturlandskapa og bygningssamlingane, og mykje ressursar blir brukt på å førebyggje og reparere skadar frå blant anna rotvelter og erosjon, og hjort. Revisjonen av skjøtelsplanen



Lyragenseren - frå villsau til ferdig produkt



Lyng og torvhus

for kystlyngheiene vert slutført i 2021, men ein har ikkje kome i mål med plan for drift og finansiering av museumsgarden i 2020.

7.2 IMMATERIELL KULTURARV

Immateriell kulturarv (IKA) i MUHO er ein integrert del av forvaltninga av dei levande samlingane på Havrå og Lygra, som er avhengige av skjøtsel og praktisk arbeid. MUHO har difor høgt fokus på å sikre kunnskap hos eigne tilsette om forvaltning og bevaring. Utfordringa er å sikre kvalifisert arbeidskraft til praktisk skjøtsel og vidareføring av kunnskapen, då dette ofte er spesialkunnskap knytt til få personar.

Andre prioriterte felt innan IKA i MUHO er tekstilhandverk (oppstadvev), produksjon av tresko (småindustri), bruk av lokale råstoff til mat, bygningshandverk og vedlikehald og bruk av maskiner i Salhus Tricotagefabrik. Til vanleg er vi møtestad for vidareføring og kunnskapsutveksling, gjennom kurs og samarbeid med frivillige organisasjonar. I 2020 måtte desse aktivitetane avlysast grunna Covid-19. Det er arbeid fram ein ny strategi for IKA som ein del av samlingsplanen, og arbeidet vil bli vidareført i eit prosjekt i 2021. Vi har starta opp arbeidet med ei lærlingstilling på maskinparken ved Tekstilindustrimuseet. Det er gjennomført dokumentasjon av åkletradisjonar på Osterøy, men større dokumentasjonsoppgåver som involverer fleire personar eller praktisk handverksarbeid vert vanskelegare å gjennomføre.

7.3 BYGG OG ANLEGG//RIKSANTIKVAREN/ BYGNINGSVERN

Planlagt vedlikehald av bygningane har gått meir som normalt, og museet har prioritert registrering av bygningssamlingane i Primus. Målet er at alle bygg skal vere registrerte i Primus med tilstandsgrad i løpet av 2021, og danne grunnlag for forvaltingsplanar for bygningssamlinga.

Eit av dei viktigaste, og mest omfattande tiltaka var riving av Gjerstadheimen, som endeleg kunne gjennomførast sommaren 2020. Dette har vore planlagt lenge, og har vore eit stort løft. Museet har no totalt 109 kulturhistoriske bygningar. Plan for vedlikehald av utstillingsbygget på Osterøy er òg undervegs.

Vi har samarbeidd tett med Riksantikvaren og andre myndigheiter og har lagt til rette for kompetanseheving innan antikvarisk bygningsvern. Vi har rapportert i eigne dokument til Riksantikvaren over arbeidet på anlegget under Riksantikvarens bevaringsprogram for teknisk-industrielle kulturminne, Salhus Tricotagefabrik, i prosessen med overføring av ansvaret for industrianlegga i programmet til fylket.

Nokre viktige sikringstiltak har vore vidare arbeid med sikring av Milaelva i Salhus: elveleiet er rydda og definert, og tre fjerna for å førebyggje rotvelter. Det er iverksett strakstiltak mot rekordhøg springflod vinteren 2020, og arbeid med sikring av originale omnar og vidare utbygging av låsesystemet. På Havrå er det lagt nytt røyrr frå fylkesvegen til tunet, som kan koplast på vasstankar ved brann.

7.4 FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND

Det er store behov for konservatorkompetanse hjå musea i heile nye Vestland fylke, og MUHO søkte difor både Vestland fylke, Kulturdepartementet og Bergen kommune om ei auke i driftsmidlane for å kunne tilsette fleire konservatorar som kan arbeide for alle musea i det nye fylket. I desember fekk vi ein gledeleg beskjed om at driftstilskotet vårt frå fylkeskommunen er auka med 1 million kroner, slik at vi kan styrke samlingsforvaltninga til alle musea inkludert Musea i Sogn og Fjordane.

Vi har framleis mykje fokus på å arbeide for realisering av nytt fellesmagasin. Saka har vore tatt opp i fleire møte i fylket i løpet av året, men ei endeleg avklaring lèt vente på seg. Dette arbeidet har høg prioritet vidare inn i 2021.

I tillegg til å flytte gjenstandar inn i fellesmagasinet, har vi arbeid ute i musea. Vi har gjennomført Re-org prosjekt, som er ein prosess der ein på ein mest mogleg rasjonell måte kan forbetre tilhøva i magasin. Vi har reingjort spesielle gjenstandar og interiør, reingjort og pakka om tekstilar, gjeve råd i samband med nye utstillingar og utført ein del mindre konserveringsprosjekt. Vi har gjennomført færre praktiske kurs enn normalt, men har hatt fokus på IPM-arbeid.



Tekstilkonservatorane reingjer tekstiltapetet på Baroniet Rosendal



Dendrokronologisk undersøgning på Osterøy museum





Strikking og digitalt foredrag på Bergen Strikkefestival

Sjølvsproduserte varer i museumsbutikkane

8. Formidling

Trass Covid-19, som førte til stengde museum og reduksjon i opningstidene, ønske vi heile tida å prioritere publikum og halde ope så langt det var mogleg med tanke på smittevern og restriksjonar. For å få oversikt over kor mange publikummarar vi til ei kvar tid kunne ha på museet, fekk vi nytt digitalt bestillingssystem som gav oss forutsigbarheit og sikra at vi klarte vi å overhalde smittevernreglane. Dette var viktig både for publikum, og for å trygge dei tilsette.

Vi utførte fleire felt frå formidlingsplanen, og vi opna dei planlagde utstillingane i Galleri Salhus og på Osterøy museum. Vi gjennomførte Bergen Strikkefestival, fagarrangement (både digitale og fysiske), fagdagan «Samlingar på flyttefot» med heile 120 deltakarar, markerte 100-års jubileet til Osterøy museum og eit svært vellukka fredingsarrangement for Salhus Tricotagefabrik. Vi laga eit digitalt formidlingsopplegg i Museumslosen som vart knytt til ei digital utstilling på VUS, og har arbeidd med å utvikle underlagsmateriale til utstillingar på fleire avdelingar, blant anna på Lyngheiseret. Fleire undervisningsopplegg er oppdaterte. På Havrå er det laga nye retningslinjer for publikum og nytt publikumstolett. Vi har arbeidd spesifikt med kartlegging av digital marknadsføring og kartlegging og planar for digital formidling. I 2020 fekk MUHO nye heimesider tilpassa krav til brukargrensesnitt og universell utforming, og heimesida er styrka som kommunikasjonskanal. Å få ny heimeside var ei stor glede for alle tilsette, og vi trur den vil glede publikummet vårt òg.

MÅLGRUPPEARBEID

I arbeidet med ny strategi i 2019 definerte vi 5 målgrupper: den kunnskapssøkjande, familien, skulen, turisten og deltakaren på arrangement. Målet er å styrke posisjonen til museet, bli meir synlege og relevante for publikum. I dette arbeidet har vi sett nye mål om å utvikle brukartilboda og lage ein strategi for marknadsføring, heile tida med fokus på avdelingane sin eigenart og MUHO sine spyspissar. Framover skal vi vidareutvikle arbeidet med korleis vi best kan rette oss mot dei ulike målgruppene og brukarane sine behov. Eit viktig aspekt i målgruppearbeidet er at det ligg ei bevisst satsing på å setje fokus på heilskapen i tilboda i heile MUHO. Målgruppearbeidet framover skal òg henge saman med eit strategisk arbeid for auke inkludering og mangfald.

DIGITAL FORMIDLING

Då Covid-19 endra Noreg og museet måtte stenge, såg vi behovet for å auke den digitale kompetansen for å gjere MUHO meir synleg i det digitale landskapet. Arbeidsoppgåver vart omprioriterte våren 2020, og med stengde museum arbeidde vi mykje med digital formidling.

Digital formidling var eit viktig tiltak i formidlingsplanen, men vi prioriterte det høgare enn planlagd grunna Covid-19. Vi definerer arbeid med digital formidling inn i desse 5 punkta:

- Produksjon av ferdig innhald til sosiale media, som filmar, artiklar og illustrasjonar/bilete som vert publisert på digitale plattformer.
- Rammeverk for digital formidling form av oppdaterte heimesider, plan for publisering og ein strategi for kvar MUHO og dei ulike avdelingane skal vere aktørar.
- Tilgang til digitalt innhald for publikum som oppsøker avdelingane i og utanfor opningstid i form av lenker/QR-kodar i utstillingar og landskap, eller ved bruk av fastmonterte skjermar.
- Sending og direkte strøyming av ulike arrangement, foredrag, fagseminar, opning av utstillingar og liknande.
- Digitale undervisningstilbod til klassar.

Vi framskynda oppstarten til eit allereie planlagt arbeid som skulle leggje grunnlaget for ein digital strategi. Vi starta med å auke kompetansen internt og brukte ressursar på aktiv produksjon og målretta publisering av innhald i sosiale media. Det vart oppretta ein vekeplan, og innlegga kunne variere med innhald, tema og balanse mellom fagleg innhald og fokus på underhaldning. Gode tilbakemeldingar frå publikum, både likarar, kommentarar og spørsmål om våre samlingar. Mindre nedgang i treff på heimesida enn venta (13 %) i eit år med 61 % bortfall av publikum. På same tid fekk vi ein auke på 40% i tal på følgjarar og treff i sosiale media. Tala

frå DigitaltMuseum viser jamn auke i unike sidevisningar (opp 28 %) og brukarar (opp 27 %) i 2020 (frå mars og utover) samanlikna med 2019. Avdelingane har kvar sine sider på Facebook og Instagram, i tillegg til felles profil på MUHO. Vi arbeidde ikkje strukturert med å hente inn tala frå desse.

Med ekstra støtte til digital formidling frå Bergen kommune grunna Covid-19, fekk vi moglegheita til å investere i utstyr og gjennomførte kompetanseheving internt i digital innhaldsproduksjon (manus, filmteknikk, redigering). Vi gjorde mellom anna fleire erfaringar med direkte strøyming av utstillingsopningar, foredrag, kurs og liknande, særleg under Bergen Strikkefestival 2020 og fagarrangement. Etter ein testperiode har vi gjort oss gode erfaringar og ønskjer å halde fram med liknande tilbod. Gratis direktesending av arrangement har vore populære og har fått mange treff i etterkant. Fredingsmarkeringa av Salhus Tricotagefabrik vart strøyma med mange følgjarar og digitale gratulasjonar. Namneskiftet frå Norsk Trikotasjemuseum til Tekstilindustrimuseet sette i gang eit stort engasjement på dei digitale flatene. Ei viktig erfaring vi har gjort er at det ikkje er like enkelt å selje digitale billetter som inngangsbilletter til fysiske foredrag, kurs og arrangement.

Hausten 2020 starta vi eit større prosjekt med digitalisering av omvisingar. Det er utarbeidd manus til tre filmar. Vi har produsert film som formidlar immateriell kulturarv, m.a. instruksjonsfilm om plantefarging. Elles har vi utarbeidd ein plan for digital formidling som skal vidareutviklast i 2021.



Potetsetting med ull, sild og anna gjødsel på Lyngheisenteret



Potetene veks godt



Arbeid på Havrå Foto Javier Auris - NRK



Kyndelsesmesse på Osterøy museum

9. Forsking

Vi deltok med to tilsette i forskingsprosjektet «Løsarbeider og standardarbeider – tilknytningsformer i arbeidslivet i et historisk perspektiv», gjennom Nettverk for arbeiderhistorie og arbeiderkultur. Prosjektet studerer koplingane mellom arbeidstakarar og arbeidsgivarar i den industrielle tidsalderen. Målet er å levere to fagfelleverderte artiklar til prosjektet, som skal publiseras i 2021/22.

Vidare gjennomførte vi vår del i forskingsprosjektet «Knutar på vandring», del eit felles internasjonalt prosjekt kalla The Borgund Kaupang Project. Det er planlagt fellespublikasjonar og formidling gjennom utstillingar innan utgangen av prosjektperioden.

Med utgangspunkt i våre samlingar er vi samarbeidspartnarar i ulike forskingsprosjekt som: LandPress ved UiB, som forskar på klima- og bruksendringar i norske kystlyngheier (avslutta 2020, publisering 2021) og det internasjonale forskingsprosjektet CALENDARS (2019–2023) ved UiB, som ser på førestillingar om årstidene, og om dei har noko å seie for korleis vi kan tilpasse oss eit nytt klima. Desse samarbeida har ført til at vi har fått breiare innsikt i MUHO sine fagområde og i eigne samlingar. Dei har bidrege til refleksjon og større forståing av samanhengen i samlingane, og tilført oss viktig kompetanse om koplinga mellom forskning og forskingsformidling. Samarbeidet gjorde samlingane våre meir samfunnsaktuelle og relevante.

Med den tidlegare nemnde strategiprosessen i MUHO, og etter ein gjennomgang av vår forskingsplan, ser vi tydeleg at vi treng forskingskompetanse i organisasjonen, vi treng ein plan for korleis auke forskingskompetansen, og korleis auke samarbeidet med UH-sektoren og andre innan FoU-sektoren. Vi arbeidde strategisk med dette i 2020 og starta opp eit arbeid som skal sikre at MUHO vert sett til som samarbeidspart i FoU-sektoren. Vidare har prosessen

ført til at vi har sett på korleis vi organiserer ressursane våre, og skal opprette nye fagstillingar med mål om meir fagleg arbeid og forskning.

PUBLIKASJONAR:

Med prosjektmidlar frå tidlegare Hordaland fylkeskommune avslutta vi kartlegginga og rapporten «INDUSTRILOFTET» – Fagstrategisk innspill om museumsutvikling innen industriminnefeltet i Vestland.

Jubileumsbok for Osterøy museum:

Osterøy museum 100 år: refleksjonar ved eit jubileum.

Fagfelleverderte artikkel:

Ingrid Haugrønning: “De første tekstilarbeiderne i Salhus”, i Årbok for arbeiderhistorie.

Formalisert FoU-samarbeid og nettverksarbeid:

Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie
Nettverk for teknologi og industrihistorie
Regionalt nettverk for industriminne
Nettverk for kulturlandskap
Nordisk Kulturlandskapsforbund
Nettverk Nordhordland biosfæreområde
European Heathlands Network
Leiar av det nasjonale lyngheinetterket LyngNett
Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil
Nettverk Minoriteter og kulturelt mangfold
Styrerepresentant i seksjon for Samlingsforvaltning, Museumsforbundet
Styrerepresentant i SIKa (seksjon for samferdsel, industri, kommunikasjon og anlegg), Museumsforbundet
Styrerepresentant i Norsk Industriarv

10. Fornyning

Vi starta 2020 med optimisme, og var i gang med å få på plass samarbeid med nye turoperatørar, og ønska å setje opp båttruter mellom nokre av våre avdelingar. Grunna Covid-19 vart dette dessverre avlyst. Til stor glede utvikla og lanserte vi nye heimesider, basert på ny grafisk profil for MUHO i 2020. Den nye grafiske profilen har styrka oss som eit profesjonelt museum, og gitt våre sosiale media-plattformer ny aktualitet. Nye heimesider og grafisk profil var eit sentralt tiltak i den tidlegare nemnde strategiplanen, og er eit viktig verktøy for å realisere andre mål i strategiplanen. Vidare gjorde vi ein avtale med MuseumsIT om å bruke plattforma Museum24.

Eit anna høgdepunkt var fredinga av fabrikkannlegget Salhus Tricotagefabrik hausten 2020 og namneendringa frå Norsk Trikotasjemuseum til Tekstilindustrimuseet (TIM), som har gjort oss meir synlege i media, og har vore med på å styrke kulturminnet Salhus Tricotagefabrik. I Salhus hadde vi høgt fokus på vidareutvikling av Galleri Salhus som profesjonell visningsstad for tekstilkunst. Som samfunnsaktør fullførte og publiserte vi den omfattande fagrapporten om korleis ein kan utvikle industriarvfeltet: «INDUSTRILØFTET» – Fagstrategisk innspill om museumsutvikling innen industriminnefeltet i Vestland. Rapporten

er realisert med prosjektmidlar frå Vestland fylke for å undersøke behovet for eit tematisk ansvarsmuseum innan industriminnefeltet. Rapporten er presentert på seminar og samlingar. Vidare starta vi opp ein diskusjon om kva rolle TIM kan ha i arbeidet med å sjå på om Teknisk museum (frivillig samling) kan gjerast om til eit profesjonelt teknisk museum i Bergen. Dette er heilt i startgropa, men det er etablert kontakt mellom TIM, Bergen kommune, politikarar i Bergen bystyre og styret til Teknisk museum. Dette viser korleis museet kan vere ein ressurs i utviklinga av industriarven og industrisamlingar i Bergen kommune. TIM har vore aktiv i etableringa foreininga Norsk Industriarv, som erstattar fellesrådet for dei 15 teknisk-industrielle anlegga i bevaringsprogrammet til Riksantikvaren. Boka Ruter og Lus vart publisert i USA av Trafalgar Square Books i november 2020. Bevaringstenestene utvikla samarbeidet med Bergen Brannvesen og utarbeidde ein mal for verdibergingsplanar: ei oversikt over kva gjenstandar brannvesenet skal evakuere i ei krise som brann eller flaum. Bevaringstenestene er navet i Felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Hordaland. På VUS gjennomførte vi eit fornyingsprosjektet med museumsbutikk, kafé og møte/arrangementslokale, og det er etablert ein felles nettbutikk for MUHO.



Konservatorar frå Bevaringstenestene i arbeid



Utvandringscenteret på Radøy



Digital utstilling «Draumen om Norge»



Scan QR-kode og høyr opplesing av amerikabrev frå 1852

11. MUHO som samfunnsaktør

KLIMA OG MILJØ

Med forvaltingsansvar for 109 museumsbygg på 17 000 m² og 3500 dekar kulturlandskap, ønskjer vi å bidra til å redusere klimautslepp og påverknaden vår på det ytre miljøet. Vi har difor starta prosessen med å bli Miljøfyrtårn. Systematisk arbeid på dette området vil gi ei meir effektiv drift, og på sikt kostnadskutt.

Gjennom ei Miljøfyrtårn-sertifisering får vi konkrete verktøy for å gjennomføre effektive og lønsame miljøforbetringar innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport, som er relevante for fleire av FN sine berekraftsmål.

For å bli sertifisert som Miljøfyrtårn må vi gjere ei miljøkartlegging basert på 51 ulike kriterium. Dette arbeidet starta opp hausten 2020, og er no godt i gang. Ei grundig kartlegging vil gi oss grunnlag for å setje konkrete og ambisiøse mål for miljøarbeidet for framtida, både i eit kort og lengre perspektiv.

ARBEID I MUSEUMSREGIONEN

Hovudaktiviteten til Kulturverntenesta ligg innan feltet bygningsvern, og speglar lokal aktivitet på dette feltet. Tenestene

har vorte tilpassa denne situasjonen, slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Lindås, Meland og Radøy – og Alver, frå og med 2020.

Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet Primus er gjort tilgjengeleg for historielag i regionen, og det har vore rettleiing knytt til registreringsarbeid i Lindås.

Bygningsvern: Det har vore normal aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgeving og rettleiing til private og kommunar i Nordhordland. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar, eller kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeid med søknadar. Det har også dette året vore mest aktivitet i dei kommunane som har kulturminneplanar og aktive kulturleiarar.

I tillegg til dei ovanfor nemnde rådgevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med datering av bygningar. Oppdragsgevar her er oftast Vestland fylke, men private har òg nytta seg av denne tenesta.



Kvinner som utvandra. Agnes Matilde Wergeland og hennar livspartner Grace Hebard



Trekanthakk med kors i lœa på Nedre Alver

12. Mangfald og inkludering

Vi har starta arbeidet med ein overordna plan for mangfald og inkludering, og har definert tre kategoriar som skal takast omsyn til: personell, programmering og publikum.

Når det gjeld personell er det særleg Bevaringstenestene som skil seg ut: dei har tilsette frå seks ulike nasjonar, lyser ut stillingar internasjonalt og tilbyr norskurs. Vi har hatt avtalar med NAV om bruk av både kortvarige og varig tilrettelagde arbeidsplassar, og har gode erfaringar med dette. Fleire av avdelingane har fysiske tilrettelagde anlegg med rampar/utan tersklar og teleslynge.

Når det gjeld programmering og tema, har mellom anna Vestnorsk Utvandrsenter hatt seminar (Kvinner som utvandra) om situasjonen for kvinner knytt til legning, og dermed eit anna og meir mangfaldig perspektiv enn det vi vanlegvis høyrer om i utvandringshistoria.

I utstillinga Den vanskelege reisa er migrasjon med i formidlinga og omvisinga for å trekke parallellar og skape forståing for dagens innvandring.

Tekstilindustrimuseet får svært god tilbakemelding på tilbod til grupper med t.d. kognitiv svikt eller fysiske utfordringar knytt til syn eller høyrsel. Osterøy museum hadde planlagt ei utstilling på Osterøytunet særleg med tanke på bebuarar med demens, men den vart diverre avlyst grunna Covid-19. Vi har vore medverkande til eit forprosjekt med 360° filming som skal gje grunnlag for virtuell framstilling og digitale besøk for demente bebuarar som ikkje har høve til å besøke musea, men som kan ha nytte og glede av å vekke minne.

13. Frivillig arbeid

Det frivillige arbeidet som vert utført ved fleire av musea våre er særst viktig. Dette arbeidet er knytt opp til fysiske møteplassar, og grunna pandemien i 2020 har det blitt redusert og råka av avlyste arrangement.



Sauesanking på Lygra

14. Årsrekneskap 2020

Org. Nr. 971 349 743
For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Resultatrekneskap 2020

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Offentlege tilskot		35 667 866	33 720 500
Andre inntekter		4 815 352	7 731 047
Sum driftsinntekter		<u>40 483 218</u>	<u>41 451 548</u>
Varekostnad		533 054	998 913
Lønskostnader m.m.	2	26 771 200	27 805 280
Avskrivning på driftsmidlar	5	220 677	338 469
Andre driftskostnader	2	10 767 359	11 630 247
Sum driftskostnader		<u>38 292 290</u>	<u>40 772 908</u>
Driftsresultat		<u>2 190 928</u>	<u>678 640</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Andre renteinntekter		121 372	175 326
Andre finansinntekter		48 931	384 632
Andre rentekostnader	7	95 719	135 314
Resultat av finanspostar		74 584	424 644
Ordinært resultat før skattekostnad		2 265 512	1 103 283
Ordinært resultat		<u>2 265 512</u>	<u>1 103 283</u>
Årsresultat	4	<u>2 265 512</u>	<u>1 103 283</u>
Som vert nytta slik:			
Avsett til anna egenkapital		-2 265 512	-1 103 283
Netto		<u>2 265 512</u>	<u>1 103 283</u>

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Balanse pr 31.12.2020

Figra	Note	2020	2019
Anleggsmidlar			
Variige driftsmidlar			
Museumbygg	5	14 606 324	14 718 850
Veteranbåt	5	23 968	23 968
Inventar, bilar m.m	5	372 571	480 722
Sum variige driftsmidlar		<u>15 002 863</u>	<u>15 223 540</u>
Aksjar og fordringar			
Aksjar	6	120 000	70 000
Andre fordringar		1 231 631	1 343 088
Tilgode tilskot		3 316 514	3 890 368
Sum aksjar og fordringar		<u>4 668 145</u>	<u>5 303 456</u>
Sum anleggsmidlar		<u>19 671 008</u>	<u>20 526 995</u>
Omlaupsmidlar			
Lager av varer		<u>336 320</u>	<u>504 783</u>
Fordringar			
K underfordringar		483 865	696 021
Andre fordringar		116 198	3 986
Sum fordringar		<u>600 063</u>	<u>700 007</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	3	<u>21 023 853</u>	<u>18 701 392</u>
Sum omlaupsmidlar		<u>21 960 237</u>	<u>19 906 182</u>
Sum eiga		<u>41 631 244</u>	<u>40 433 177</u>

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Balanse pr 31.12.2020

Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Bunden egenkapital			
Grunnkapital		7 660 715	7 660 715
Sum bunden kapital		<u>7 660 715</u>	<u>7 660 715</u>
Opptent egenkapital			
Anna egenkapital		14 857 850	12 592 337
Fri EK vedlikehold bygg		1 307 211	1 307 211
Sum opptent egenkapital		<u>16 165 061</u>	<u>13 899 549</u>
Sum egenkapital	4	<u>23 825 776</u>	<u>21 560 264</u>
Gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	19 922
Langsiktig gjeld	7	1 363 525	1 395 916
Sum anna langsiktig gjeld		<u>1 363 525</u>	<u>1 415 838</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 138 886	795 715
Skuldige offentlege avgifter		1 666 976	1 714 642
Periodisert tilskot		546 748	546 748
Anna kortsiktig gjeld		13 089 333	14 399 971
Sum kortsiktig gjeld		<u>16 441 943</u>	<u>17 457 075</u>
Sum gjeld		<u>17 805 468</u>	<u>18 872 913</u>
Sum gjeld og egenkapital		<u>41 631 244</u>	<u>40 433 177</u>

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Balanse pr 31.12.2020

Salhus, 25.02.2021		
<u>Sara Sekkingstad</u> Styreleder	<u>Geir Steinar Dale</u> Nestler	<u>Tone Hallsund</u> Styremedlem
<u>Nikolai Rypdal Talaksen</u> Styremedlem	<u>Frank Willy Djuvik</u> styremedlem	<u>Jorunn Tvedt</u> styremedlem
<u>Elisabeth Herdla Halvorsen</u> Administrerende direktør		

15. Revisjon 2020

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland
Org. Nr. 971 349 743



RSM Norge AS

Strandvegen 11, 5705 Voss
068-136 5707 Voss
Orgnr: 983 316 598 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Melding frå uafhøngig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Stiftinga Museumssenteret i Hordaland sin årsrekneskap som viser et overskot på kr 2 285 512. Årsrekneskapen er samansett av balansa per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit sammandrag av viktige rekneskapsopplysing. Eittr vår melding er den vedlagde årsrekneskapen, utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit reitvisende bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonssikk i Norge, medrekna del internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er skildra i Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Me er uafhøngige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse kravane. Etter vår oppfatning er finansielle revisjonsoppløysingar og føremålshetting som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiting) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit reitvisende bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsikk i Norge. Leitinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislag framferd eller utsetta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leitinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og oppgåve som tilhøve som har relevans for vidare drift. Føretaket/den om at drifta kan halde fram, skal følgjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det skje og samsynleg at verkefema vil bli avvika.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislag framferd eller utsetta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggjande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonssikk i Norge og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av mislag framferd eller utsetta feil. Feilinformasjon kan vurdert som vesentleg dersom den alene eller saman innanfor rimelige grensar kan førebisast å påvirke økonomiske avgjelder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Me viser til skildring av revisor sine oppgaver og plikter på heimesida til Den norske Revisorforring (DNRF).

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS er medlem av Stiftinga og Stiftinga er medlem av RSM Norge AS. RSM Norge AS er medlem av Den norske Revisorforring (DNRF). RSM Norge AS er medlem av Den norske Revisorforring (DNRF). RSM Norge AS er medlem av Den norske Revisorforring (DNRF).



Melding frå uafhøngig revisor 2020 for Stiftinga
Museumssenteret i Hordaland

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra overfor, og kontrollhandlinger me har funne naudsynt etter internasjonale standard for attestasjonsoppløysing (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppløysing som skje av revisjon eller forutlaga revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leitinga har oppfylt pliktene sine til å gje informasjon og overretning registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsoppløysingar i samsvar med lov og god bokføringsikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra overfor, og kontrollhandlinger me har funne naudsynt etter internasjonale standard for attestasjonsoppløysing (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekeleane elles.

Voss, 25.2.2021
RSM Norge AS

Harald Bjørvel
Stattdaundersert revisor

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2020

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og også ein del av MUHO, medan Lyngheisenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringssenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er også f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2020 var 6,2 %, ein nedgang frå 7,5 % i 2019 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2020.

3. Publikum

I 2020 har 9 578 personar besøkt museet sine avdelingar. Det er ein nedgang på 18 210 i høve til 2019. I hovudsak skuldast nedgangen koronapandemien i 2020.

4. Likestilling

Stiftinga hadde 45 faste tilsette i 34,7 årsverk. I tillegg var det 5 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar. Nokre faste tilsette gjekk og i lengre vikariat i tillegg, og vikariat og prosjektstillingar utgjorde til saman om lag 4,7 årsverk. Av desse er 27,2 årsverk kvinner og 12,3 menn. I tillegg har vi hatt sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 36,8 faktiske årsverk i 2020. Avviket i årsverk skuldast i hovudsak ein del tilsette i permisjonar og langtidssjukmelde som ikkje har vore (fullt) erstatta. Styret har 6 medlemmer der 3 er kvinner og 3 er menn.

Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2020

5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2020 er gjort opp med eit overskot på kr 2 265 512. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

Salhus, 25.02.2021

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Sara Sekkingstad
styreleiar

Geir Steinar Dale
nesteleiar

Frank Willy Djuvik
styremedlem

Jorunn Tvedt
styremedlem

Tone Hellesund
styremedlem


Nikolai Rypdal Tallaksen
styremedlem

Elisabeth Halvorsen
direktør

17. Dette er MUHO



Bevaringstenestene er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Hordaland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggjande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.



Norsk Trikotasjemuseum /Tekstilindustrimuseet (f.o.m. 27.10.20) held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og gode opplevingar.




Lynghesenteret på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lyngheier haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein utryddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 åra. Området er tilrettelagt for naturopplevingar, formidling, undervising og forskning.



Vestnorsk utvandringssenter består av Emigrantkyrkja og Prærielandsbyen. Museet fokuserer primært på den norske utvandringa frå Noreg til Amerika på 1800- og 1900-talet, og knytter saman den norske utvandringa med folkevandringar og kulturmøte i dagens samfunn. Utvandringssenteret driv dialog- og aktivitetsbasert formidling, gjerne som levande historie med drakter og rekvisittar som passar til tema og tid. Museet har ei utstilling om dagens flyktingar i tillegg til dei faste utstillingane om den norske utvandringa.



Osterøy museum er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvev, bygningshandverk og treskoproduksjon. Kulturverntenesta i Nordhordland skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.



Havrå er ein gard i drift. Det mat- og vyrkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltningsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap. Det bur folk i tunet.

M U MUSEUMSENTERET
H O I HORDALAND

